

Saksprotokoll

VEDLEGG
04/2771-224

Utvalg: Kommunestyret
Møtedato: 10.02.05
Sak: 0003/05

Arkivsak: 04/01168
Tittel: HØYRING: DISTRIKTSKOMMISJONEN M.M.
NOU-2004:19. KOU-2004:1.

Behandling:

Avrøysting:

Formannskapet trekte siste del av punkt pkt.1 i innstillinga.

Pkt. 2,3,og 4 i innstillinga, samrøystes vedteke.

Framlegg i fire punkt framsett i møte vart samrøystes vedteke som eit oversendingsframlegg.

Vedtak:

Kommunestyret sitt endelege vedtak:

Etter behandling og vurdering av framkomne forslag i NOU-2004:19 og KOU-2004:1, godkjenner Vestnes kommunestyre følgjande høyringsuttale:

- 1. Vestnes kommune ønskjer ikkje oppretting av ein stor, folkevald landsdelsregion til erstatning for dagens fylke / fylkeskommune. Ei slik endring blir etter Vestnes kommune si meining, ikkje nokon god folkevaldreform med tanke på nærleik til innbygarane.*
- 2. Vestnes kommune ønskjer heller ikkje å gje slepp på lokaldemokratiet og det folkevalde nivået i primærkommunen til fordel for eit nytt folkevald nivå knytt til ein større regionkommune. Vestnes kommune samarbeider også i dag med einskildkommunar og grupperingar av kommunar. Det kan vere rett å utrede korleis ein best kan etablere, finansiere og effektivisere slike forpliktande regionkommuneordningar, men altså ikkje, dersom det inneber at innbygarane misser primærkommunen som folkevald nivå.*
- 3. Regjeringa må leggje til rette for utprøving av nye organisasjonsformer i utøvinga av den "smale distriktpolitikken." I den samanheng må private næringslivsaktørar involverast i dei formelle beslutningsprosessane saman med dei offentlege aktørane. Ei regionalisering etter "ABS-kommuneinndelinga" kan høve godt med tanke på behovet for lokalkunnskap.*
- 4. Dersom Vestnes kommune skulle kome i ein "tvangs-situasjon" med tanke på ny regionalisering og/ eller ny kommunestruktur, må oppgåvene som kommunenivået eventuelt skal overta frå stat / fylke - bli klårgjort i detalj. I tillegg må det gjennomførast folkerøystingar i kommunen der det kan stemmast over eventuelle alternativ.*

Jan Rune Jacobsen (Høgre) fekk samrøystes vedteke følgjande oversendingsframlegg

1. Med sin utstrekning, folketal og geografiske plassering, ser ikkje Vestnes kommune vesentlege økonomiske gevinstar i mulege samanslåingar med andre kommunar, utover det som kan løysast ved samarbeid kommunane imellom.
2. Vestnes kommune, ev. i samarbeid med våre naboar, er robust nok til både i dag og framover kunne takle utfordringar innan velferdsordningar som t.d. barnevern, psykiatri osv.
3. Kommunane i distriktet må likevel finne ein arena for å løyse fellesoppgåver som t.d. regional utvikling, samferdsel, kultur, vidaregåande skular. Vestnes kommune er tvilande til om ein *regionkommune* eller *konsernkommune* basert på fogderia er vegen å gå. Vi ser ikkje dette som ei løysing for å bevare og vidare vidareutvikle "det gode liv" i landkommunane rundt byane. Det er heller ikkje ønskeleg på denne måten å sementere fogderistrid. Vi meiner distriktet som heilhet står klart sterkare ved at ein felles arena femnar om heile Møre-regionen.
4. Vestnes kommune meiner vidare at det uansett er nødvendig at oppgåvene mellom dei ulike offentlege nivåa vert klarlagt før nye grensedragningar vert gjennomført.